

GISKE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag 30.11.2010 kl. 13.00
på Giske rådhus

SAKLISTE:

- Sak 23/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 14.10.2010
- ” 24/10 - Oppfølging av kommunestyrevedtak
- ” 25/10 - Om byggeprosjekt ved Valderøy kyrkje og Johanneskapellet
- ” 26/10 - Ei nyoppdatert orientering om budsjettsituasjonen for 2010

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 14.10. 2010 kl. 13.00
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik, Petra Riste Synnes og Ove Paulsen

= 4 voterande

Gunnar Morsund var ikkje tilstades.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte
dagleg leiar Harald Rogne

Frå Giske kommune møtte rådmann Martin Bostad, kommunalsjef Arnfinn Vartdal og
prosjektleiari Severin Roald i sak 18/10. Økonomisjef Sigmund Strand og kommunalsjef
May Helen Molvær Grimstad møtte i sak 19/10.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 17/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 8. JULI 2010

Kontrollutvalet sin samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 8. juli 2010 blir godkjent.

SAK 18/10

OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK.

Saksdokument datert 06.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Representantane frå kommunen la fram skriftleg dokumentasjon på korleis kommunestyrevedtak blir følgt opp. Oppfølginga gjeld både økonomi og den raude tråden i kommunen si verksemd frå verksemdsplanar vidare til budsjett og årsmelding. I tillegg vart det presentert ei matrise over vedtak som er sett i verk/ikkje sett i verk.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til foreløpig orientering
2. Kontrollutvalet vil realitetsbehandle saka i neste møte.

**SAK 19/10
ØKONOMISK RAPPORTERING 2010**

Saksutgreiing datert 06.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet konstaterer at den økonomiske utviklinga er inne i ein negativ trend.
2. Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen til observasjon ut året.

**SAK 20/10
VURDERING AV UAVHENGIGHEIT**

Saksdokument datert 06.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 21/10
ORIENTERING OM FORNYINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT
(EIGENKONTROLL I KOMMUNANE)**

Saksdokument datert 06.10.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 22/10

FORESPØRSEL OM OPPKLARING AV SPØRSMÅL FRÅ LINDA OPTUN ALNES

(saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet sender eit oppklaringsbrev.

Møteslutt kl. 15.40.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
medlem
(sign.)

Petra Riste Synnes
medlem
(sign.)

Ove Paulsen
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2010

**SAK 24/10
OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK**

Denne saka var også oppe i førre kontrollutvalmøte der representantane frå kommunen la fram skriftleg dokumentasjon på korleis kommunestyrevedtak blir følgt opp. Oppfølginga gjeld både økonomi og den raude tråden i kommunen si verksemd frå verksemdsplanar til budsjett og årsmelding. I tillegg vart det presentert ei matrise over vedtak som er sett i verk/ikkje sett i verk. Kontrollutvalet gjorde då slikt samrøystes vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tek saka til foreløpig orientering*
- 2. Kontrollutvalet vil realitetsbehandla saka i neste møte.*

Ein nærare gjennomgang av det skriftlege materialet som vart delt ut i møtet viser at Giske kommune har kome langt i dette arbeidet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak :

.Kontrollutvalet er svært nøgd med den prosessen rådmannen har sett i gang for oppfølging av kommunestyrevedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2010

**SAK 25/10
OM BYGGEPROSJEKT VED VALDERØY KYRKJE OG JOHANNESKAPELLET**

I kommunestyresak 081/10 den 21.09.2010 som gjaldt dekking av kostnadsoverskriding av byggeprosjekt ved Valderøy Kyrkje og Johanneskapellet, vart følgjande tillegg til vedtak gjort med 14 mot 8 røyster:

Kontrollutvalet vert pålagt å få vurdert prosjektgjennomføringa i høve vedtak og prosjektplan.

Ei arbeidsgruppe nedsett av Krd laga ein rapport med 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane vart i eit tilleggsmandat bedt om å sjå på kontrollen med korleis dei kyrkjelege fellestråda nyttar pengane kommunane løyver. Spørsmåla dreidde seg om den eksisterande ordninga for kontroll med kommunale løyvingar til dei kyrkjelege fellestråda er tilfredsstillande og om det eventuelt er behov for å gi reglar om kommunal kontroll i lov eller forskrift med tanke på rekneskapsrevisjon og/eller forvaltningsrevisjon.

Arbeidsgruppa hadde ikkje grunnlag for å seie noko om kor gode kontrollsystema innanfor den kyrkjelege strukturen er. Arbeidsgruppa avgrensa seg til å sei noko om den moglegheita kommunen har til å føre kontroll, er god nok ut frå kommunale kontrollbehov.

I ein kommune kan det vere fleire sokn og tilhøyrande sokneråd (menighetsråd). I kvar kommune skal det vere eit kyrkjeleg fellestråd. Eit medlem i fellestrådet er utpeikt av kommunen, og det er fellestrådet kommunen har dialog med når det gjeld den kommunale finansieringa av kyrkja lokalt.

Dei ulike kyrkjelege nivåa er sjølvstendige einingar, på same måte som kommunane. Økonomistyringa i kyrkjelege organ er såleis deira eige ansvar. Bispedømmeråda har likevel ein avgrensa funksjon som overordna organ når det gjeld lån og større økonomiske problem.

Kommunen har eit finansieringsansvar for kyrkjelege bygg, stillingar og tenester i kommunen, jf. kyrkelova § 15, sjå nærare om dette i rundskriv V-5/2002. Kyrkelova sitt system føreset at kommunane ikkje undergrev fellestråda sin disposisjonsfridom ved å

øyremerke overføringane. Øyremerking er likevel ikkje forbode, og kan til dømes nyttast ved store investeringar.

Dei kommunale overføringane til Den norske kyrkja var i 2008 på om lag 2,15 milliardar kroner. Gjennomsnittet pr. kommune blir om lag 5 millionar kroner. Stortinget har behandla forholdet mellom stat og kyrke i St.meld. nr 17 (2007-2008). I meldinga blir det slått fast at det kommunale finansieringsansvaret skal gjelde vidare. Etter kyrkelova har kommunen berre eit finansieringsansvar. Kommunane har ikkje ansvar for måloppnåinga i fellesrådet eller i den kyrkjelege verksemda elles.

Arbeidsgruppa viser til det såkalla finansielle ansvarsprinsippet. Prinsippet inneber at det forvaltningsnivået som er tillagt ansvar og avgjerdsmyndigheit for ei oppgåve, også har ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga. Arbeidsgruppa har oppfatta det slik at kyrkjeforvaltninga ikkje er organisert i tråd med dette prinsippet i dag.

Kommunane har ikkje ansvar for kontroll av (økonomiforvaltninga i) fellesrådet og heller ikkje ansvar for påliteleg rapportering frå fellesrådet. I tråd med dette har kommunen berre innsynsrett i fellesrådet sin økonomi i samband med budsjettprosessen, og ikkje innsyn utover rekneskapen eller årsmeldinga elles, jf. Kultur- og kyrkjedepartementet sin merknad til forskrifta om økonomiforvaltning § 4-1:

Kommunen kan ellers gi nærmere retningslinjer om prosedyrer og frister for innsending av budsjettforslaget, hvor spesifisert forslaget skal være mv. og vil også kunne kreve innsyn i fellesrådets og menighetsrådenes samlede økonomiske situasjon som grunnlag for sin behandling av budsjettforslaget.

Arbeidsgruppa meiner det vil kunne gi uriktige forventningar til kommunal kontrollverksemd dersom lov eller forskrift skulle gi kommunane innsyn eller heimel til å drive kontroll som går vidare enn å kontrollere at den kommunale finansieringa etter kyrkelova § 15 er rett ut frå den økonomiske situasjonen i fellesrådet. Arbeidsgruppa viser til at kommunen ikkje er ansvarleg for måloppnåing, økonomistyring eller økonomiske forhold elles i kyrkjelege organ. *Arbeidsgruppa meiner såleis at kommunane ikkje bør få høve til å drive forvaltningsrevisjon av kyrkjelege fellesråd eller innsyn i økonomiske detaljar i fellesrådet.* Kommunane og kontrollutvala bør ikkje få ansvar, heller ikkje eit politisk eller moralsk ansvar, for å føre kontroll med økonomiforvaltninga i fellesråda.

Arbeidsgruppa meiner at dersom det er ønskjeleg lokalt, kan kommunen stille vilkår om kontroll med dei kommunale tilskota til fellesråda. Ein kan her tenkje seg eit vilkår om at kommunen har rett til å føre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. det såkalla bevilgningsreglementet for staten § 10. Det bør vere opp til kommunen å vurdere om det er tenleg å stille vilkår om slik kontroll. Dette inneber at ein slik heimel ikkje bør gå fram av nasjonale reglar. Nasjonale reglar om dette kunne gi eit uriktig bilete av kor omfattande kontroll kommunen og kontrollutvala fører med verksemd utanfor kommunen.

Arbeidsgruppa viser til at kommunane kan ta over ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av dei bygningane som kommunen har eit ansvar for å finansiere vedlikehaldet av, jf. kyrkelova § 15 fjerde ledd. I 2008 var det etter opplysningar frå Kultur- og kyrkjedepartementet gjort avtale om kommunal tenesteyting med 64 prosent av fellesråda. På same måte kan kommunen overta det praktiske arbeidet med kyrkjegardane, jf. gravferdslova § 23 andre ledd. Dette er avtalt eller faktisk praksis i om lag 14 kommunar, opplyser KKD.

Arbeidsgruppa meiner at ei organisering der finansieringa og resultatansvaret ligg på same hand, normalt vi gi betre høve til kontroll og betre bruk av ressursane.

Arbeidsgruppa viser til at kyrkjelova føreset dialog mellom kommunen og fellestrådet. Kommunane kan også påverke fellestråda gjennom den representanten som kommunen oppnemner til rådet. Ut i frå dette bør kommunane sørge at dialogen med fellestrådet er tilstrekkeleg og god. Dersom det er ønskjeleg lokalt, kan kommunen stille vilkår om kontroll med dei kommunale tilskota til fellestråda. Ein kan her tenkje seg eit vilkår om at kommunen har rett til å føre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene.

Fellestrådet sin revisor står ansvarleg overfor fellestrådet, men ikkje overfor kommunestyret når det gjeld revisjonsoppgåver i kyrkjesektoren. Kommunen sin revisor derimot har ikkje oppgåver inn i mot fellestrådet. Ofte har kommunen og fellestrådet same revisor. Dersom ein ønskjer å bruke kommunen sin revisor blir brukt til å gjere detaljundersøkingar eller forvaltningsrevisjonar inn i mot fellestråda på vegne av kommunen, vil dette også vere i stid med forskjellige regelverk.

Rådmannen har etter forskrift om økonomiforvaltning for kirkelige fellestråd § 4 innsynsrett i kyrkjerekneskap. Ut i frå dette kan kommunestyret vurdere å be rådmannen sette i verk dei kontrollar som ligg i forskrift om økonomiforvaltning for kirkelige fellestråd § 4.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling :

Kommunestyret ber rådmannen sette i verk dei kontrollar som ligg innanfor ramma i forskrift om økonomiforvaltning for kirkelige fellestråd § 4 for å so langt som mogleg å få vurdert prosjektgjennomføringa i høve vedtak og prosjektplan for Valderøy Kyrkje og Johanneskapellet.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.11.2010

**SAK 26/10
EI OPPDATERT ORIENTERING OM BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2010**

I førre møte 14.10.2010 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet konstaterer at den økonomiske utviklinga er inne i ein negativ trend.
2. Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen til observasjon ut året.

Rådmannen blir invitert til å gi ein statusrapport på den økonomiske situasjonen.

Harald Rogne
dagleg leiar